

Notat

Eigarskapsmelding for 2017

Notat

Til:

Kopi:

Frå:

Arkivkode	Arkivsaknr.	Løpenr.	Dato
036	16/5392-1	20244/16	29.12.2016

Eigarskapsmelding – oppdatering for 2017

1. Innleiing

Eigarskapsmeldinga skal gjennomgåast politisk minst ein gong i kvar kommunestyreperiode. Meldinga skal oppdaterast fortløpande når det gjeld oversikt over selskap, styremedlemmer o.a. Denne rapporten representerer den årlege oppdateringa av faktadeler i eigarskapsmeldinga til kommunen.

Kommunen er eigar av selskap som varetek plikter kommunen har til å yte tenester eller område der kommunen bør yte tenester. Dette gjeld SIMAS, Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS, Sogn brann og redning og Sogndal Kulturhus AS. Kommunen er vidare eigar i selskap som yter tenester til kommunen. Dette gjeld selskapa SF Revisjon IKS, SognLab AS og Sogneprodukter AS. Nokre selskap er etablert for å eige bygningar eller anlegg, og kommunen er eigar av desse selskapa for å sikre at dei aktuelle bygningane eller anlegga er tilgjengeleg for det aktuelle føremålet. Dette gjeld Sognahallen AS, Sentrumsbygg AS og Sogndal Skisenter Eigedom AS. Vidar er kommunen eigar i selskap for å bidra til næringsutvikling og anna utviklingsarbeid. Dette gjeld selskap Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS, Visit Sognefjord AS, Sogn Næring AS og delvis Sognekraft AS. Eigarskapen i Sognekraft AS gjev også eit utbytte til eigarane, og eigarskapen er også finansielt motivert. Eigarskap i selskap kan også vera bygd på meir historiske tilhøve. Sogn ride- og travsenter AS er eit døme på det.

2. Kvifor eigarskapsmelding

KS har tilrådd kommunane å utarbeida eigarskapsmelding/eigarskapsstrategiar. Bakgrunnen for denne tilrådinga er at det dei seinare åra har skjedd ein sterk auke i så vel kommunale selskap som selskap der kommunane har eigarinteresser. Gjennom desse selskapa forvaltar kommunane store verdiar som er viktige for kommunal drift og økonomi og for

samfunnsutviklinga. Det er fokus på kommunane som samfunnsansvarlege eigarar for å styrke politisk styring og påverknad.

KS viser til at mange kommunar har manglande oversyn over selskap dei deltar i, og at det til dels resulterer i ei passiv eigarskapsrolle. Ei eigarskapsmelding skal gje informasjon og oversyn/status og gjennom politiske vedtak om eigarskap gje mål for forvaltning av selskap eller påverknad gjennom den eigarskapsdel kommunen har. Fokus vil ut får dette vera at ei melding – eigarstrategi må definera målsetjingar med eigarskapen, og at desse vert følgd opp gjennom vedtak og dei som representerer kommunen i selskapa.

Det er skilnad på finansielt og politisk eigarskap. Finansielt eigarskap vil stort sett gjelda plassering av midlar i selskap for å få utbytte som gjer høgare avkastning enn ordinære plasseringar i bank og liknande. Politisk eigarskap er knytt til strategi for samfunnsutvikling. Det kan vera samvirke mellom desse grunngevingane, til dømes vil eigarskapen i Sognekraft gjelda begge desse omsyna. For nokre år attende, då eigarkommunane i Sogn selde mange av sine aksjar i Sognekraft, la Sogndal vekt på at ein gjennom eigarskapen og kunne påverke og sikre god krafttilgang og kraftdistribusjon i regionen og avgrensa difor salet sitt.

Politikk kan og gje retningslinjer for kva type selskapsorganisering kommunen bør gå inn for, organisasjonsform påverkar til dømes korleis kan styra politisk. Kommunal mynde gjennom eigarskap kan vurderast opp mot verknad for brukar- og kundetilhøve, men og i høve til økonomi.

Ei eigarskapsmelding vil og gje informasjon til innbyggjarane slik det er føresett i kommunelova § 4 : «*Kommuner og fylkeskommuner skal drive aktiv informasjon om sin virksomhet. Forholdene skal legges best mulig til rette for offentlig innsyn i den kommunale og fylkeskommunale forvaltning*».

3. Kommunen sine realverdiar

Realverdi er her definert som verdi på eigedom eller ei eining sin verdi uttrykt i faste prisar. Realverdiar er fast [eigedom](#) og gjenstandar i motsetning til [finansverdiar](#) som er [pengar](#), [aksjar](#), [obligasjonar](#) og [gjeldsbrev](#).

Kommunen sine realverdiar kan delast inn i ulike kategoriar:

- Eigarskap i aksjeselskap
- IKS samarbeid etter lov om IKS selskap 1999
- IKS samarbeid etter kommunelova
- Stiftingar og legat der kommunen sin påverknad/interesse er høg
- Bygningar eigedomar, anlegg og tomtar
- Infrastruktur, veg, leidningsnett
-

4. Gjennomgang av selskap med eigarskap

4.0 Aksjeselskap

Aksjeselskap (AS) er regulert i lov om aksjeselskap av 13. juni 1997. AS er eit eige rettssubjekt slik at selskapet sitt ansvar er avgrensa til den samla kapitalen dei har til rådvelde. Eigarane er ikkje ansvarlege for selskapet sine forpliktingar om ikkje det er særlege avtalar om det. Eit døme på dette kan vera om det er gjeve ansvarlege lån frå

SOGNDAL KOMMUNE

Tenestetorg og IKT

eigarane. Styremedlemmer kan få eit personleg ansvar etter lova. Krav til AS kapital er minimum kr 100 000 og kapitalen må til ei kvar tid vera forsvarleg ut frå selskapet sin driftssituasjon. Det karakteristiske med AS ved sidan av det avgrensa økonomiske ansvaret, er at det kan vera eigd av mange, også av eigarar som ikkje har anna tilknytning til selskapet enn interesse i sjølve aksjeverdiane.

Generalforsamlinga, der eigar møter sjølv eller med fullmektig, styrer selskapet sin overordna økonomi og strategi med endring/utvikling av dei områda selskapet skal engasjera seg i. Gjennom lova har styret ansvaret for at selskapet vert drive i samsvar med lov og forskrift og etter føremålet for selskapet og har gjennom det stor mynde i høve til dagleg leiar si styring av selskapet.

Eigar bør sjølv ha ein strategi for kva ein vil med selskapet, her er generalforsamlinga arenaen. Eigar kan gjennom val av styremedlemmer styrkje sine interesser i høve til selskapet sin utviklingsretning og driftstilhøve.

For ein kommune vil det vera to hovudmoment med å delta i AS:

- det kan vera eit samarbeid mellom andre kommunar/offentlege aktørar som skal utføre/har ansvaret for same oppgåver /lovpålagde tenester til
- eller det kan vera ein rein finansiell plassering for å styrkja kommunen sine økonomi raskare og meir enn ved anna plassering av overskotskapital.

4.1 Sogndal kulturhus AS (Arkivsak 17/2051)

[Sogndal Kulturhus AS](#) er eit driftsselskap for kulturdelen av huset med ansvar for kinodrift, kulturarrangement, kioskdirift, utleige og informasjonsverksemd.

Eigarar	Kommunen eig alle aksjane i selskapet.
Styre	Styreleiar Liv Synnøve Bøyum Styremedlemmer: Aage Engesæter, Idun Husabø Andersen, Torgeir Skålid og Randi Marie Sjøholt. Vara: 1. Rita Navarsete, 2. Gunnstein Flugheim Honorar til styreleiar kr. 30.000,-. Kr 500,- til styremedlemmene pr. møte

Økonomiske nøkkeltal:

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	1 612 156	1 132 441	1 189 499	1 157 624
Driftsresultat	326 216	-479 716	88 731	-6 025

4.2 Sognahallen A/S (Arkivsak 16/3569)

Sognahallen AS vart skipa 6.juni 1997 og er eit eigedomsselskap som vart etablert for å realisere Sognahallen.

Eigarar	Kommunen eig 75,33% av aksjane i selskapet.
Styre	Styreleiar Aage Engeseter Styremedlemmar: Bente Sønsthagen, Bjørn Ness, Kai Lille-Homb, Margrethe Svidal Vara: Rita Navarsete og Tor Arne Ness

Økonomiske nøkkeltal:

	2013	2014	2015	2016
--	------	------	------	-------------

SOGNDAL KOMMUNE

Tenestetorg og IKT

Eigenkapital	8 899 389	8 581 782	8 707 263	9 177 417
Driftsresultat	2 107 602	2 327 572	2 686 348	2 684 466

4.3 Sogn ride- og travsenter AS (Arkivsak 16/3722)

Selskapet eig og driv travbaneområdet på Kaupangerskogen med ridehall og areal til utstillingsplass.

Eigarar	Kommunen eig 19 % av aksjane i selskapet.
Styre	Leiar: Rikke Filseth Nestleiar: Siv Anita Hundershagen Medlemmar: Torgeir Flikki, Jeanette Skoghamar, Stine Huseby.

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2104	2015	2016
Eigenkapital	172 308	176 010	156 729	
Driftsresultat	5 872	3 471	-25 457	

Med bakgrunn i vedtak i kommunestyret om å selja aksjane i SRT har rådmann vore i kontakt med medeigarar med førespurnad om interesse for kjøp av aksjane. Vi ventar på svar på førespurnaden.

4.4 Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS (Arkivsaknr. 16/3754)

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS er et regionalt utviklingsselskap med hele fylket som nedslagsfelt. Kunnskapsparken samarbeider med næringsliv, universitet/høgskular, utviklingsmiljø, fou- og finansinstitusjonar og det offentlige verkemiddelapparatet og har som føremål å legge til rette for aktivt å bidra til kommersialisering av forretningsidear. Selskapet er lokalisert i Sogndal på Fosshaugane Campus.

Eigarar	Sogn og Fjordane Fylkeskommune (38,17%) Fjord Invest Såkorn AS (38,17%) SIVA SF (15,27%) Sogndal Kommune (7,63%) Stryn Næringshage (0,76%)
Styret	Vidar Grønnevik – leiar Hjørdis Vik, Bjørg Kristin Selvik, Terje Laberg, Endre Høgalmen, Ragnar Waalen Varamedlem: Astrid Hove Styrehonorar: Styreleiar kr. 35.000 fast + 3.000 pr. møte. Styremedlemmar kr. 7.000 fast + 3.000 pr. møte

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	7 804 156	7 735 684	7 635 842	7 719 360
Driftsresultat	82 563	-269 131	-64 156	2 257

4.5 Visit Sognefjord (Arkivsaknr. 17/1311)

SOGNDAL KOMMUNE

Tenestetorg og IKT

Visit Sognefjord skal vere eit felles sals-, marknadsførings- og kompetanseorgan for bedrifter, kommunar og organisasjonar som har interesser knytt til reiselivsnæringa og profilering av regionen, og skal bidra til å løyse fellesoppgåver i dei deltakande kommunane.

Eigarar	Aksjonærar: Aurland Ressursutvikling AS 12,2%, Sogn næring AS 12,2%, Kommunane: Aurland 8,4%, Sogndal 4,6%, Luster 3,6%, Balestrand 2,8%, Årdal 2,6%, Vik 1,5% og Leikanger 1,1% Andre 51%
Styre	Styreløiar: Terje Stalheim (Kjøernes Camping) Styremedlemmar: Yngve Hallen (Bratt Moro), Kristine Grønner Ohnstad (Aurland kommune), Jorunn Åsfrid Røyrvik (Blix Hotell), Steinar Aase (Fjord Tours), Øivind Wigland (Flåm AS), Olav Grov (Luster kommune), Harald Offerdal (Balestrand kommune) Varamedlemmar: 1. May-Lene Lunden (Flåm guideservice) 2. John Brekke (Norsk breuseum)

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	2 338 951	2 156 444	2 104 518	2 277 585
Driftsresultat	304 181	-182 506	-51 927	173 067

4.6 AS Sentrumsbygg (Arkivsaksnr. 16/2734)

Eigarar	Kommunen eig alle aksjane i selskapet.
Styredeltaking	Styreløiar Trygve Kvåle, Karin Vikane, Kristian Losnegard Karlsen Varamedlem: Liv Anny Bruheim Styrehonorar løiar kr 21 000,- for styremedlemer kr 10 500,-

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	10 061 357	9 748 997	9 611 087	27 207 715
Driftsresultat	1 042 336	1 007 135	675 142	-453 953

4.7 Sogn Næring A/S (Arkivsaksnr. 16/2853)

Sogn Næring er eigd i fellesskap av [Sogndal kommune](#) og næringslivet i Sogndal og er ei felles satsing for å gi arbeidet med næringsutvikling i regionen eit løft. Styret i Sogn næring er og fondsstyre for næringsfondet til Sogndal kommune.

Eigarar	Sogndal kommune 50%, Sogndal Fotball 10%, Amfi Sogningen storsenter 10%, Lerum AS 5%, Holen Installasjon 5%, Nedrehagen AS 5%, Sparebanken Vest 3%, Sparebanken Sogn og Fjordane 3%, Indre Sogn sparebank 3%, Sogndal hotell AS 3%, Sognatun AS 3%, Sogndal utviklingsselskap 3%, Vestlandshus 2%
Styre	Styreløiar Agnar Holen

SOGDAL KOMMUNE

Tenestetorg og IKT

	Medlemmer: Jørgen Christian Lindstrøm, Stig Ove Ølmheim, Yngve Hallèn, Cecilie Njøs, Karin Vikane Vara: 1. Anders Bjærke, 2. Rita Navarsete, 3. Jan Petter Vadheim Honorar styreleiar kr 36 500, medlem kr 5 300
--	---

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	1 076 838	896 894	1 018 556	800 343
Årsresultat	-75 278	144 666	121 661	-218 212

4.8 Sognekraft A/S (Arkivsaksnr. 17/800)

Regionalt kraftselskap med produksjon og distribusjon energi i Sogn.

Eigar	BKK AS 44,44 % Vik kommune 19,79 % Luster Energiverk AS 12,91 % Sogndal kommune 10,98 % Luster kommune 6,88 % Balestrand kommune 2,50 % Leikanger kommune 2,50 %
Styre	Atle Neteland (styreleiar), Geri Arve Sandvik (nestleiar), Laura Kvamme. Varamedlemmer: Arne Andreas Riisnes, Ivar Kvalen og Kåre Stokkenes Godtgjersle: styreleiar: 113. 000, nestleiar: 64 000, medlemmar: 53 000 og vara pr. møte 5 000.

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	364 084 000	354 948 000	398 607 000	432 421 000
Driftsresultat	129 370 000	75 454 000	53 060 000	94 131 000

4.9 Sogneprodukt (Arkivsaksnr. 15/894)

Sogneprodukt AS er ei atfføringsverksemd med hovudmål å hjelpe personar til å halde på eller få ordinært arbeid.

Eigarar	Selskapet har 16 aksjonærar. Dei største eigarane er Sogn og Fjordane Fylkeskommune og kommunane i Indre Sogn. Sogndal kommune sin eigardel er på 9%.
Styre	Leiar: Stig Roar Hovland Nestleiar: Astrid Hove Styremedlemmar: Kai Lille-Homb, Frode Valsvik, Marit Aakre Tennø Vara: 1. Arne Hovland, 2. Karen Marie Hjelmeseter, 3. Lars Trygve Sæle Godtgjersle 2.000 pr. møte.

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
--	------	------	------	------

SOGNDAL KOMMUNE

Tenestetorg og IKT

Eigenkapital	28 358 855	28 439 045	27 442 055	26 348 764
Driftsresultat	512 589	-228 099	-1 459 562	-1 541 667

4.10 Sogndal skisenter eigedom A/S (Arkivsaksnr. 17/2132)

Sogndal Skisenter Eigedom er eit eigedomsselskap som vart skipa i 1998. Selskapet er eit samarbeidsprosjekt mellom Sogndal kommune, Sogndal Idrettslag og næringslivsinteresser i Sogndal.

Eigarar	Sogndal Kommune	700 aksjar (64,3%)
	Sogndal Idrettslag	100 aksjar (9,2%)
	Sogndal Utviklingsselskap AS	100 aksjar (9,2%)
	Læg Reid Hotel AS	50 aksjar (4,6%)
	K-Senteret Supermarked AS	50 aksjar (4,6%)
	Lerum Fabrikker AS	10 aksjar (0,9%)
	Sogndal Hotel AS	10 aksjar (0,9%)
	Sogndal Røde Kors Hjelpekorps	10 aksjar (0,9%)
	Helge Bondevik	10 aksjar (0,9%)
	Andre aksjonærar	49 aksjar (4,5%)
Styre	Kjetil Kvåle – leiar Heidi Katrin Osland Gunnar Solbakken Bjørn Ness Lilly Schøyen Harald Hjermann – vara til styret Styret mottek ikkje honorar.	

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	2 161 554	2 148 262	2 144 198	2 144 209
Driftsresultat	1 060 075	-13 292	-4 063	-4 073

4.11 Sogndal Skisenter Drift as (Arkivsaksnr. 16/2832)

Selskapet er ansvarleg for drift og utvikling av anlegga i Hodlekveområdet (skitrekk og nedfartar, langrennsløyper, SIL-hytta m.v.).

Eigarar	Verksemda har slik aksjonersamansetjing: Sogndal Skisenter Eigedom AS 65% og Sognefjord Utvikling AS 35%. Sogndal kommune eig 64,3% av aksjane i Sogndal Skisenter Eigedom AS.
Styre	Rolf Navarsete – leiar Gunnar Solbakken - nestleiar Ann Sissel Gjelsvik Lilly Schøyen Gunnar Solbakken Halvor Albert Gregusson Styret mottek ikkje honorar.

Økonomiske nøkkeltal:

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital		14 647 230	13 315 434	11 225 388
Driftsresultat		-169 416	-1 245 309	-1 905 332

4.12 SognLab A/S - (Arkivsak 16/3740)

SognLab utfører kjemiske og mikrobiologiske laboratorieanalyser, prøvetaking og rådgiving innan områda drikkevatt, matvarer, vassdrag og avløpsvatn.

Eigarar	Alle kommunane har same fordeling av A- aksjar= 52 aksjar, ulik fordeling av B-aksjar. Eigarkommunane er: Aurland, Balestrand, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal kommune
Styre	Styrelar: Ivar Slinde Styremedlemer: Trond Øyen Einemo, Kari Maria Rutle Fjærestad, Varamedlem: Elin Hauge

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	1 212 512	1 067 831	1 077 329	1 168 740
Driftsresultat	21 168	-162 586	833	85 738

5.0 IKS**5.1 SF Revisjon IKS - (Arkivsak 17/1437)**

SF Revisjon IKS er kommunane/fylkeskommunen si eiga bedrift etablert for at eigarane skal ha eit selskap som leverar tenester innanfor kommunal revisjon. SF Revisjon vart stifta 01.01.2005 etter samanslåing av Fylkesrevisjonen og Sogn Revisjonsdistrikt.

Eigarar	Sogn og Fjordane fylkeskommune 44,4%, Høyanger kommune 8,9%, Leikanger kommune 3,3%, Luster kommune 11,1%, Sogndal kommune 9,5%, Vik kommune 6,7%, Årdal kommune 11,1% og Balestrand kommune 4,4%
Styre	Styreleiar: Arne Hovland, nestleiar: Per Kjøllesdal Styremedlemmar: Inger Johanne Fjøsne, Ivar A. Slinde, Britt Dagrund Brugrand, Vara til styret: 1. Morten Midlang, 2. Liv Anny Bruheim Godtgjersle:

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	3 474 350	4 738 249	4 395 612	4 647 865
Driftsresultat	1 109 053	672 723	650 282	356 740

5.2 Alarmsentralen Sogn og fjordane IKS – (Arkivsak 16/3570)

Eigarar	Kommunane i fylket
Styre	Leiar: Øyvind Bang Olsen, Nestleiar: Anita Solheim Steinset Styremedlemmar: Morten Hagen, Anne Kauppi, Frode Korneliussen Vara til styret: Bernhard Øberg, Torill Anita Segtnan

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	13 558 372	15 970 389	17 813 630	20 624 012
Driftsresultat		871 746	617 915	-552 533

5.3 SIMAS IKS – (Arkivsak 16/3571)

SIMAS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Selskapet starta opp i 1995 og har i dag ansvaret for handsaming av alt hushaldningsavfall for eigarkommunane utanom Årdal kommune. I tillegg vert mykje av næringsavfallet frå Indre Sogn omsett gjennom SIMAS.

Eigarar	Kommunane Sogndal 23,98%, Ådal 16,49%, Luster 15,51%, Høyanger 12,83%, Vik 8,22%, Leikanger 7,02%, Lærdal 6,62%, Aurland 5,37%, Balestrand 3,96%.
Styringsform organisering styre honorar	Styreleiar: Jøril Hovland Nestleiar: Åge Skrede Styremedlemmar: Jøril Hovland(Sogndal), Ivar Kvalen (Luster), Ingebjørn Giil (Høyanger), Åge Skrede (Balestrand), Edith Valeberg Eggum (Leikanger) Vara til styret: Geir Ove Bøthun(Vik), Margunn Hyllnad(Aurland); Alf Magne

	Hjellum(Lærdal)
	Styreleiar: 70.000, nestleiar: 12.000, styremedlemmar 5.300. Møtegodtgjersle: medlemmar 1.100, varamedlemmar: 1.600. Ikkje dokumentert tapt arb.forteneste 1.200, dokumentert tapt arb.forteneste øvre grense: 2.300.

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital	13 558 372	21 774 975	20 293 331	19 671 031
Driftsresultat	363 788	145 071	-894 504	257 022

5.4 Sogn brann og redning IKS – (Arkivsak 16/865)

Eigarar	Kommunane: Sogndal 33%, Luster 24%, Vik 16%, Leikanger 14% og Balestrand 12%.
Styre	Styreleiar: Ingunn Broch Hauge, nestleiar: Kjellaug Brekkhus Styremedlemmar: Steinar Sviggum, Gunnstein Flugheim, Arne Ovrid (fagforbundet), Ervin Johan Beheim (NITO) og Åge Skrede (NITO) Vara til styret: Liv Synnøve Bøyum, Magnar Bolstad og Marianne Bugge.

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital			-7 902 619	-7 839 344
Driftsresultat		1 698 674	-1 406 928	-483 552

6.0 Stiftingar og legat

I oppfølging av eigarskapsmeldinga for 2011 vart det vedteke å gå gjennom alle legat der Sogndal kommune oppnemnde medlemmane med omsyn på korleis dei skulle forvaltast vidare. Bakgrunnen for dette var mellom anna krav frå Stiftelsestilsynet etter stiftelseslova med eigen revisjon av legata samt den generelle problemstillinga med at mange legat er små, avkastninga er låg og samla kapital til å forvalte aktivt er ikkje høg mellom anna også knytt til at grunnkapital ikkje skal rørast.

For 6 av legata: Gjertrud og Maria Simonsens legat, Folkehøgskulestyrar Henrik Mohn Dahls legat, Nils og Emilie Ølnes minnefond, Overrettssakfører Darre Jensens legat, Per og Synneva Hoves legat kapital og Overrettssakfører Oluf Rønnebergs legat, har det vore ein samla prosess med konklusjon om omdanning (dvs. at legata vert lagde ned og midlane ført til andre organisasjonar som varetek tilsvarende føremål). Midlane frå desse legata har då vorte fordelt til Røde kors- besøkstenesta og redningsarbeidet, Helselaget, Ettervernarbeid, Husflidslaget, Ungdomslaga, 4H, Speiderlaga og til eit studielegat knytt til HSF.

Legatstyret for Christine Leighs rekonvalesentehjem, med ei forvaltningskapital på om lag 9,5 millionar ønskte ikkje å gå med i ein felles vurdering/samling av legata. Eit legat knytt til Notanaustet, Karle Eggums legat, er direkte knytt til dette objektet og vart og halde utanfor ei samling.

Stiftelsestilsynet godkjende alle omdanningane og fordeling av midlane seinhaustes 2015.

6.1 Musea i Sogn og fjordane - (Arkivsak 16/1371)

SOGNDAL KOMMUNE

Tenestetorg og IKT

Stiftinga Musea i Sogn og Fjordane vart oppretta på bakgrunn av sentrale føringar og som følge av den statlege museumsreforma. Musea i Sogn og fjordane vart stifta 14. januar 2009 med stiftingskapital på kr. 100.000, fordelt med kr. 50.000 på Sogn og Fjordane fylkeskommune og kr. 10.000 på kvar av dei andre stiftarane: DHS-Sogn folkemuseum, Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Nordfjord folkemuseum, Sogn og Fjordane kunstmuseum og Sunnfjord museum.

Styre	<p>Valde av Sogn og fjordane fylkeskommune: Styremedlemmar: Harry Mowatt, leiar og Laura Kvamme, nestleiar Varamedlemmar: Hilde Kvamsås Aa og Erland Fagermoen</p> <p>Valde av rådet: Styremedlemmar: Arild Hatmann Eriksen, Olve Grotle og Hanne B. Oftedal Varamedlemmar: Vidar Grønnevik, Hege Lote og Anders Ryssedal</p> <p>Valde av dei tilsette: Styremedlemmar: Ingrid Norum, Steinar Evjebø Varamedlemmar: Ole Fredskil og Bjørn Fjellheim</p> <p>Godtgjersle styreleiar: 113.280. Godtgjersle pr. møte: styremedlemmar 920,- Legitimert tap inntil: 3.260, Ulegitimert tap inntil 1.740.</p>
-------	--

Økonomiske nøkkeltal

	2013	2014	2015	2016
Eigenkapital		19 191 878	19 022 009	20 824 153
Driftsresultat		2 351 930	-939 776	1 423 283